

OLAV TORE FOSSE  
BUSTØLVEGEN 40  
5919 FREKHAUG

---

|                         |                               |
|-------------------------|-------------------------------|
| <b>Dato</b>             | 30.10.2023                    |
| <b>Vår referanse</b>    | 2023/76698-3                  |
| <b>Dykkar referanse</b> |                               |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Lillian Bakke Byrknes         |
| <b>E-post</b>           | Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 45638702                      |

## Avslag - Endra bruk av avkøyrslle - fv. 5310 Ådlandsvegen - gnr. 327 bnr. 27 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 16.08.23, som vi fekk tilsendt frå Alver kommune.

### Saka gjeld

Det vert søkt om endra bruk av avkøyrslle til fylkesveg 5310 Ådlandsvegen i forbindelse med søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi avslag til endra bruk av avkøyrslle frå fylkesveg 5310 Ådlandsvegen til eigedom gnr. 327 bnr. 27 i Alver kommune.

Avslaget blir gitt i samsvar med *forskrift* om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslle fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrslle saker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.

### Grunngjeving av vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslle frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1900. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «viktig lokalveg» jf. Rammepplan 2021-2024. Den seier «godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslle bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt».

Slik avkøyrslle er i dag oppfyller den ikkje krav til utforming og vi kan difor ikkje gi løyve til endra bruk.

Den aktuelle avkøyrslle og avkøyrslle like aust er regulert i detaljreguleringsplan for fv. 5310 Fosse – Moldekleiv og Fossekrysset med planID 4631\_125620160012 og vil bli bygt om. Vestland fylkeskommune er i gang med prosjektering av strekninga, og omlegging- og bygging av den nye avkøyrslle ligg inne som rekkefølgekrav i planen og det er difor planlagt å bli bygd gjennom prosjektet.

Når fv. 5310 Ådlandsvegen og avkøyrslle er bygd etter reguleringsplanen kan de søke på ny om endra bruk av avkøyrslle.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#)

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

REGINE SAGSTAD BERG

DRAGENESET 43

5919

FREKHAUG

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG